



Morten Nilsen er allerede igang med langtidsplanlegging

Vertshuset har skifta til Systrene Nilsen og dei nye eigarane og drivaren nøler ikkje med å satsa - i første omgang på eit allsidig og fristande påskeprogram. Det startar fredag også går det slag i slag gjennom påskeveka med friske tonar, god mat og tevlingar for små og store.

PÅSKEPROGRAM

- FREDAG 15.04 17:00–02:00** ÅPNING AV SYSTRENE NILSEN MED LIVE MUSIKK - COVER KR. 100,-
- LØRDAG 16.04 12:00–02:00** ÅPNINGSFESTEN FORSETTER! LIVE MUSIKK - COVER KR. 100,-
- SØNDAG 17.04 12:00-22:00** KAFFE & KAKE SØNDAG
- MANDAG 18.04 19:00-01:00** PUBKVELD
- TIRSDAG 19.04 19:00-01:00** PUBKVELD
- ONSDAG 20.04 17:00-20:30** "LÅVEFEST" VORSPIEL
- TORS DAG 21.04 17:00-01:00** PÅSKEQUIZ KL. 21:00
- FREDAG 22.04 17:00-02:00** LAMMEKVELD OG PÅSKEDANS FRA KL. 19:00. LAMMELÅR OG DESSERT MED LEVENDE MUSIKK SENERE PÅ KVELDEN. KR. 545,- PR. PERS FOR MAT OG SHOW. KUN INNGANG KR. 200,-
- LØRDAG 23.04 12:00-02:00** EGGEJAKT MED PÅSKEHAREN KL. 12:00
- LAMMEKVELD OG PÅSKEDANS FRA KL. 19:00. LAMMELÅR OG DESSERT MED LEVENDE MUSIKK SENERE PÅ KVELDEN. KR. 545,- PR. PERS FOR MAT OG SHOW. KUN INNGANG KR. 200,-
- SØNDAG 24.04 09:00-22:00** PÅSKEFROKOST FRA KL. 09 – 12:00. KR. 125,- PR. PERS. PUBKVELD PÅ KVELDEN
- MANDAG 25.04 09:00-22:00** PÅSKEFROKOST FRA KL. 09 – 12:00. KR. 125,- PR. PERS.

PÅSKEMENY: FISKESUPPE, CLUB SANDWICH, CEASAR SALAT, WRAP, PIZZA, NACHOS OG BROWNIES MED IS FRA HERØYSUND

FOR MER INFO KONTAKT 910 02207 ELLER SJEKK UT WWW.SYSTRENE NILSEN.NO

STEMNING I SJØKANTEN

Og krumtappen i det heile er drivar Morten Nilsen (26), fetter av systrene. Men det familiære preg stoppar ikkje der, for barsjef Karoline Neset (20) er kusine til dei 3.

-At 2 som står så nær har overteke som eigarar gjer det mykje enklare å driva langtidsplanleggjing, til dømes for ein så lang periode som 10 år, seier Morten, som også var drivar sist sommar og konkluderte ein vellukka sesong med at "dette var gøy".

Han er forlengst i gang med å tenka langsiktig over pc-en, ein aktivitet som skil seg kraftig frå det han har gjort i det siste. I 2 ½ månad har han vore i Andesfjella og sette krona på verket med to turar opp på Aconcagua som

er høgast i verda utanfor Himalaya med sine 6962 meter. Då han gjorde klar for andre turen fekk han attest for å vera steingalen, men også den turen var problemfri for Morten. Han var oppe på to stortoppar til og fleire mindre .på mellom 5.000 og 6.000 meter. Ellers har han vore backpacker på kryss og tvers gjennom verdsdelen Sør-Amerika.

Då han bokstaveleg tala var på eit høgt nivå fekk han høyra om planane til systrene og då han fekk telefontal det i slutten av januar sa han ja med ein gong til å vera drivar. Han boblarav entusiasme framfor oppgåva og slår fast at det etter eigarskiftet er heilt andre føresetnader for å driva på sikt.

Det vil både han og systrene koma inn på når dei gir ei orientering i det opne møtet måndag kveld.

Dei er allereie på tur med ein forretningsplan for vidare utbyggjing av serveringsstaden.

I første omgang er det altså påske og vertskapet stillar med nyinnvilga løyve som gjeld til klokka 02. Men det blir neppe aktuelt å halda ope så lenge kvar dag. På dagtid vil dei imidlertid operere med det dei kallar "utepilsgaranti", som gjeld hvis veret tilseier det.

To band skal spela i påska, det lokale Hunnybees og Dixie Duo frå Mørrekanten. Kulinarisk blir høgdepunktet nådd med ein meny

på høgt nivå som Anders Stokkebø frå Stavanger er meister for.

Jakt på påskeegg og quiz står også på programmet, som vi presenterar på denne sida.

Det er ein stab på 7 som blir å finna på Systrene Nilsen i påska og dei fleste av dei kjem frå Uskedalen. Å skaffa villig personale har ikkje vore noko problem.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen